

Sak til samarbeidsutvalet

Går til: Medlemene av samarbeidsutvalet
Utval: Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato: 15.mai 2020
Sakshandsamar: Prosjektleder for felles utviklingsplan
Saka gjeld: Felles utviklingsplan.
Saksnummer: 27/20

Bakgrunn:

Bakgrunnen til prosjektet med felles utviklingsplan er godt kjent for SU.

Fundamentet for prosjektet er at det er SU ane sitt prosjekt. Organisering og gjennomføring må og vil ha dette som utgangspunkt. Saka kjem til SU no for å sikre forankring og deltaking. Direktivet er ramma for prosjektleder sitt arbeid og omtalar organiseringa av prosjektet.

Administrativ kontaktmøte hadde framlegg til direktiv som sak i møtet 29.04.2020 og drøfta dette kort. Dei ønskte at framlegget vart sendt til SU for orientering og drøfting. Det er kunn gjort minimale endringar i tråd med drøftingane i det som vert lagt fram.

Drøfting/vurdering:

Kommentarar til direktivet går fram av vedlagt skriv.

Ei viktig problemstilling som ligg implisitt i direktivet er at det også skal svare ut helseforetake og kommunane sine oppgåver i høve «Helsefellesskap». I handlingsprogrammet for SU er både «Felles utviklingsplan» og «Helsefellesskap» med. Prosjektleder opplever desse elementa så nært knytt til kvarande og i stor grad overlappende at det beste løysinga å ta det samla. Det vil sjølvsagt gi nokre utfordringar. Det er kanskje større forståing og forankring for «Felles utviklingsplan» enn det er for «Helsefellesskap». Denne problemstillinga bør såleis drøftast.

Drøfting av planprosess:

Prosjektleder legg opp til, som vist i direktivet, stor grad av dialog og deltaking. Ein god dialog og open prosess til alle partane er derfor avgjerande.

Prosjekt vert vanlegvis inndelt i tre bolkar: Etablering, Gjennomføring, Avslutting.

I prosjektet si gjennomføringsfase ønskjer eg ei innspelfase tidleg for å få oversikt over ønskelege og nødvendige utviklingstema og retning. Det er difor ønskeleg med ei intervju/dialog runde til alle kommunane i opptaksområdet. Kommunane er ulike og har ulike resursar og utfordringar. Prosjektleder ønskjer primært ei runde til alle kommunane for samtalar med Ordførar, rådmann, kommunalsjef og helsesjef/kommuneoverlege. Organiseringa i

kommunane er ulike så tilpassingar må gjerast. Det må sjølvsagt vere kommunane som avgjer kven som representerer dei. Det hadde vore sterkt ønskjeleg om SU'ane sine sekretærar kunne vere med på desse møta innan sine regionar.

For Bergen kommune vil det lagast eit eige opplegg for.

Vidare vil det også vere nødvendig med innspelsprosess og dialog med representantar for føretaket og sjukehusa. Denne prosessen bør ha ulike leiingsnivå og også utgangspunkt i og forankring organisatorisk. Aktuelt her er styringsnivå, leiingsnivå/adm og fagnivå.

I gjennomføringsfasa vil det bli lagt opp til drøftingsprosess og avklaring av konsensus.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek saka til orientering.